



VINJE KOMMUNE
Vinjevegen 192
3890 VINJE

Seksjon Samfunn og plan

Vår dato:	22.12.2025
Deres dato:	03.12.2025
Vår referanse	24/00041-22
Deres referanse:	2022/210-271
Vår saksbehandlar:	Hanne Birte Hulløen

Tilbakemelding om motsegnene til kommuneplanens arealdel 2025-2035 - løysing av 6 av 7 punkter - Vinje kommune

Telemark fylkeskommune viser til brev datert 3. desember 2025 om å løyse motsegn fremma til kommuneplanens arealdel i Vinje kommune. Oversendinga frå kommunen har meir dokumentasjon og viser forslag til endringar av arealdelen for å komme motsegnene frå Telemark fylkeskommune i møte.

Eventuelle planfaglege råd vil kommunen arbeide vidare med seinare i prosessen.

Bakgrunn

Fylkeskommune sitt Hovedutval for næring, industri og klima (HNIK) fremma i møte den 21. august 2025, HNIK-sak 69/25, motsegn til forslag til kommuneplanens arealdel i Vinje kommune. Det vart vedteke å leggje ned motsegn i 7 punkter.

Kommunen og fylkeskommunen hadde den 5. november 2025 eit dialogmøte for å diskutera motsegnene.

Kommunen har bede fylkeskommunen om å vurdere å trekke motsegnene på bakgrunn av materialet som er sendt over.

Vurderinga frå fylkeskommunen

Punkt 3 er motsegn til framtidig bustadområde B5 som inneheld myr:

3. Med heimel i plan- og bygningslova § 5-4 fremjast motsegn til byggjeområde B5 som inneheld myr, jamfør nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging, statlege planretningslinjer for klima og energi, og regional planstrategi for Telemark. Motsegna kan løysast ved at myr området og tiliggende arealer som kan reduserer myrens kvaliteter og eksistens ved nedbygging ikkje blir satt av til byggjeområde i planen.

Administrasjonen i Vinje kommune sitt forslag til løysing av motsegn 3:

Kommunen ønsker ikkje å redusere det framtidige bustadføremålet B5 i arealdelen slik motsegna lyder, men foreslår å sette føresegnar om forbod mot inngrep på myr og våtmarksområde som skal følgast opp i reguleringsplanar og ved søknad om tiltak.

Føresegnar punkt 1.8 c) - forslag til reviderte føresegnar:

Inngrep i myr og andre våtmarksområde er forbode dersom tiltaket fører til vesentleg skade på areala si økologiske funksjon og evne til karbonlagring, karbonopptak eller oppretthalding av naturleg vassbalanse. Ved utarbeiding av planframlegg eller søknad om tiltak som kan påverke slike areal, skal alternative løysingar vurderast, og konsekvensane av inngrepet skal greiast ut. Det skal gjennomførast detaljert kartlegging av myr på reguleringsplannivå, og identifiserte område skal sikrast gjennom omsynssoner og tilhøyrande føresegner i reguleringsplan.

Føresegner punkt 1.18 – krav til dokumentasjon i reguleringsplanar – forslag til supplering av kulepunkt 4:

- *Kartlegging av naturmangfald, myr og våtmarksområde dersom dette ikkje er tilfredsstillande kartlagt frå før.*

Kommunen ønsker òg ei konkretisering av grunnlaget for motsegna når det gjeld myr, då dei ikkje kan sjå at regional planstrategi i seg sjølv kan gje grunnlag for motsegna.

Vurderinga frå fylkeskommunen

Om betydninga av tidleg dialog om vesentleg regionale interesser og motsegn:

Rundskriv H-2/14 beskriv retningslinjer for motsegnsprosessen og korleis nasjonale og vesentleg regionale interesser blir sikra i planprosessar. Det blir lagt vekt på tidleg dialog og involvering, og at motsegn berre blir nytta der det ha reelle følgjer for innhaldet i planen. I H-2/14-vedlegget med oversikt over motsegnskompetansen til dei enkelte styresmaktene, er den regionale planstrategien frå fylkeskommunen på lista over motsegnsgrunnlag.

Når det gjeld verknadene av planstrategien slår plan- og bygningsloven § 7-2 tredje ledd fast at: «Statlige og regionale organer og kommunene skal legge den regionale planstrategien til grunn for det vidare planarbeidet i regionen». Med formuleringa legge til grunn har lovgivar meint at strategien skal takast i betraktning og som hovudregel blir etterlevd når det seinare skal gjerast vedtak.

Både Vestfold og Telemark fylkeskommune, og seinare Telemark fylkeskommune, har politisk gjennom fleire år vore oppteken av å unngå å byggja ned myr, og at planlegginga må vera tilstrekkeleg merksam på dette temaet. Fylkeskommunen har derfor lagt vekt på dette i dialogen om rullering av kommuneplanens arealdel i Vinje. Vestfold og Telemark fylkeskommune konkretiserte dette i innspelet til oppstart av kommuneplanens arealdel i Vinje (29.oktober 2021) med ordlyden «*unngå omdisponering av myrområde*», og viste til den regionale klimaplanen.

Temaet vart gjenteke i regionalt planforum 24. januar 2024, referert slik: «*Fylkeskommunen viste til konkret politisk interesse for å ivaretaking av myr regionalt. Dette er mellom anna vedteke gjennom regional planstrategi (2020-2024) og nylege motsegn til arealplanar som viser nedbygging.*»

Den regionale interessa frå fylkeskommunen vart også kommentert i regionalt planforum 5. februar 2025, der fylkeskommunen var nøgd med at Vinje kommune sin arealrekneskap skulle innrettast mot lave utslepp av CO2.

I den regionale planstrategien Telemarksplanen (2024-2028) beskriv satsingsområdet Naturrike Telemark behovet for å ta grep for å møte klimaendringane, gjennom blant anna hovudmålet «Bevare natur-, jordbruks- og kulturverdiar». For å bremse negative sider av klimaendringane er det å ta vare på karbonlager ved å unngå arealendringar eit viktig prinsipp.

Fylkeskommunen fremmer derfor motsegn med heimel i den regionale planstrategien til alle areal kartlagd med arealtype myr i Telemark, med utgangspunkt i slik dei er vist i arealressurskartet AR5.

Til forslaget om å skyve kartlegging til reguleringsplanprosessen:

Forslag til framtidig bustadområde B5 er 53 dekar stort. Ca. 2 dekar av området vises som myr i arealressurskartet AR5, der AR5 eit landsdekkande, detaljert kartdatasett som primært skal dekke behov innan arealplanlegging og landbruk. AR5 inngår i Felles kartdatabase (FKB) og Det offentlige kartgrunnlaget (DOK).

Hovudregelen i plan- og bygningslova er at spørsmålet om eit område skal byggast ut skal avklarast ved rullering av arealdelen, gjennom dei overordna prosessane som kommunen sjølv styrer. Det er også på kommuneplannivå at kommunen kan vurdere alternative lokaliseringar av nødvendige nye utbyggingsområde. Dersom det er ønskeleg og forsvarleg å sette av arealet til framtidig utbyggingsområde, skal reguleringsplanlegginga seinare avklare *korleis* utbygginga skal skje.

Fylkeskommunen er einig i at AR5-kartlaget ikkje direkte kan leggjast til grunn for å setja detaljerte grenser for myr mot framtidige utbyggingsområde i arealdelen. AR5-kartlaget avgrensar blant anna ikkje våtmarkskomplekset som myra er avhengig av, og har heller ikkje anslag over djupna og meir detaljert karbonlagring i alle myrområde. Det er derfor nødvendig å gjennomføra ei detaljert kartlegging av myrområde i kommuneplanprosessen om kommunen ønskjer å foreslå framtidige utbyggingsområde der AR5-kartlaget viser myr. Alternativet er her at kommunen vurderer om det finst heilt andre areal som dekkjer behovet for nye bustadområde.

Om den detaljerte kartlegginga i felt viser andre grenser for myrarealet med tilhøyrande våtmarksareal enn slik det er vist i AR5-kartlaget, kan denne brukast til å sette formålsgrenser for det framtidige byggeområdet, og kommunen kan melde inn endringa til NIBIO slik at AR5-kartlaget blir oppdatert.

Kommunen viser til at det er gjennomført NiN-kartlegging i 2024 i tråd med Miljødirektoratet sin instruks utan funn av myr i området B5. Kartlegging etter NiN-metoden gir oversikt over førekomstar av utvalde naturtypar etter naturmangfoldloven § 52, jf. forskrift om utvalde naturtypar etter naturmangfoldloven §3. Slik vi forstår kartleggingsinstruksen til NiN-kartlegginga som blei gjennomført i 2024, gir den ikkje instruks om å kartlegge alle arealtypar myr som blir vist på markslagkartet AR5.

Fylkeskommunen har vurdert Vinje kommune sitt forslag til løysing, men står fast ved at motsegna punkt 3 ikkje kan løysast med føresegn om eventuell kartlegging i arbeidet med reguleringsplanar.

Punkt 1 og 2 er motsegn om kulturminne:

1. Med heimel i lov om kulturminne § 3 første ledd og § 1 tredje ledd, blir det fremja motsegn til grav- og urnelund ved Rauland kyrkje. Arealbruken er i konflikt med automatisk freda kulturminne. Motsegna kan kommast i møte ved at arealet som blir dekt av gravfelt, Kulturminne ID 305057, med sikringssone blir lagd inn i arealdelen som omsynssone d bandlagd etter kulturminnelova H730_4 (jf. plan og bygningslova § 11-8) med følgjande føresegn:
H730_4 I området finst automatisk freda kulturminne. Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan verka inn på det automatisk freda kulturminnet er forbode med mindre det ligg dispensasjon føre frå kulturminnelova, jf. kulturminnelova § 8 første ledd.
2. Med heimel i lov om kulturminne § 3 første ledd og § 1 tredje ledd, blir det fremja motsegn til grav- og urnelund ved Rauland kyrkje. Arealbruken er i konflikt med automatisk freda kulturminne. Motsegna kan kommast i møte ved at Rauland kyrkjestad, Kulturminne ID 85276-3, blir lagd inn i arealdelen som omsynssone d H730__3 bandlagd etter kulturminnelova (jf. plan og bygningslova § 11-8) med følgjande føresegn:
H730_3_1-3: Mellomalderkyrkjestedene Vinje, Nesland og Rauland er automatisk freda kulturminne. Det er ikkje tillate å iverksette tiltak som kan verke inn på den automatisk freda gravplassen innanfor omsynssona med mindre det ligg føre ein dispensasjon frå kulturminnelova. Innanfor mellomaldergravplassen er gravlegging berre tillate i graver som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Graver som ikkje har vore i bruk etter 1945 skal ikkje brukast til gravlegging. Gravminne som er eldre enn 60 år, skal ikkje flyttast eller fjernast utan at kulturminnemynde er gitt anledning til å uttale seg.

Administrasjonen i Vinje kommune sitt forslag til løysing av motsegnene 1 og 2:

Kommunen har revidert plankartet ved Rauland kyrkje slik at kulturminna vises med omsynssone i tråd med fylkeskommunens motsegn. Kommunen foreslår å revidere føresegn til omsynssoner med teksten frå motsegnene.

Vurderinga frå fylkeskommunen:

Fylkeskommunen vurderer at forslaget til endra plankart og føresegnar kjem motsegnene i møte som gjeld kulturminne. Motsegnene punkt 1 og 2 blir trekte dersom plankart og føresegn blir vedtatt slik som dei er foreslått endra.

Punkt 4 er motsegn knytt til at vassmiljø ikkje er utgreia etter KU-forskrifta:

4. Med heimel i plan- og bygningsloven § 5-4 fremjast motsegn til planforslaget om mangelfull utgreiing av konsekvensane av planforslaget for vassmiljø jf. vassforskrifta. Motsegna kan løysast ved å konsekvensutgreie etter metodikken i rettleiar M-1941 eller tilsvarande, der vurderingar av vassmiljø kjem tydeleg fram for alle areal som leggst ut til framtidige byggjeområde.

Administrasjonen i Vinje kommune sitt forslag til løysing av motsegn 4:

Kommunen har gjennomført ei konsekvensutgreiing om vassmiljø for dei areala som er lagt ut som framtidige byggjeområde i forslaget til ny arealdel, og dei nye utgreiingane blir inkludert i planmaterialet når arealdelen leggst fram til slutthandsaming.

Vurderinga frå fylkeskommunen

Fylkeskommunen vurderer at dei nye utgreiingane om vassmiljø kjem motsegna i punkt 4 i møte.

Punkt 5 er motsegn knytt til at framtidig byggeområde FTU 2 og FTU 13 ikkje er utgreia etter KU-forskrifta:

5. Med heimel i plan- og bygningslova § 5-4 fremjast motsegn til byggjeområda FTU2 og FTU13. Motsegna kan løysast ved at områda ikkje blir satt av til byggjeområde i planen, eller om oppdatert konsekvensutgreiing gir ny kunnskap, og plankart og føresegner endrast i tråd med dette.

Administrasjonen i Vinje kommune sitt forslag til løysing av motsegn 5:

Kommunen har nå gjennomført og lagt fram ei konsekvensutgreiing for områda FTU2 og FTU13, som er Mjonøy og Flothyl camping.

Vurderinga frå fylkeskommunen

Fylkeskommunens motsegn punkt 5 var knytt til at planforslaget her ikkje tilfredsstilte formelle krav til korleis nye arealformål skal greiast ut når dei blir lagde inn i kommuneplanens arealdel første gong. Fylkeskommunen vurderer at dei nye utgreiingane kjem motsegna i punkt 5 i møte.

Punkt 6 er motsegn knytt til at framtidig byggeområde NÆ41 er mangelfullt utgreia etter KU-forskrifta:

6. Med heimel i plan- og bygningslova § 5-4 fremjast motsegn til næringsområde NÆ41. Motsegna kan løysast ved at byggeområdet tas ut av planen, eller om oppdatert konsekvensutgreiing gir ny kunnskap, og plankart og føresegner endrast i tråd med dette.

Administrasjonen i Vinje kommune sitt forslag til løysing av motsegn 6:

Kommunen har nå lagt fram ei oppdatert konsekvensutgreiing for område NÆ41 som er framtidig område for næring for mogleg datasenter ved Totak kraftverk. Utgreiinga viser til at utgreiing av vasskvalitet kan skyvast til seinare handsaming av reguleringsplan, og kommunen foreslår følgande føresegn om dette:

2.7.1 NÆ41

Ved etablering av verksemd som krev kjøling frå vatn eller luft skal konsekvensane for vasskvalitet i Totak utgreiast særskilt ved regulering. Ny næring skal ikkje redusere den økologiske tilstanden i Totak.

Vurderinga frå fylkeskommunen

Fylkeskommunens motsegn punkt 6 var knytt til at planforslaget her ikkje var tilstrekkeleg utgreia og ikkje hadde føresegner knytt til arealformålet NÆ41. Kommunen har gjennom den oppdaterte konsekvensutgreiinga belyst vassmiljøet meir, og har som følge av det foreslått ei

konkret ny føresegn som sikrar at vasskvaliteten blir utgreia når det skal utarbeidast reguleringsplan for området. Fylkeskommunen vurderer at utgreiinga og den nye føresegna kjem motsegna i punkt 6 i møte.

Punkt 7 er motsegn knytt til at framtidig byggeområde P1 og ABA45 Stokketjønn:

7. Med heimel i plan- og bygningslova § 5-4, jf. den regionale planen for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei og omsynet til villreinens leveområder, fremjast motsegn til parkeringsområde P1 og anna byggeområde for Renovasjon ABA45. Motsegna kan løysast ved at områda ikkje visast i planen slik dei er foreslått.

Administrasjonen i Vinje kommune sitt forslag til løysing av motsegn 7:

Kommunen viser til at arealendringa var konsekvensutgreia ved offentleg ettersyn. Omsynet til villreinens trekkområder har blitt drøfta tidlegare i arbeidet med arealdelen, og kommunen legg ved referat frå drøftingane frå møtet 13. november 2024. Kommunen legg vekt på at ved å legge inn parkeringsplassen som arealføremål i kommuneplanen kan parkeringssituasjonen handhevast betre og på slik måte redusere ulempene på leveområda til villreinen.

Vurderinga frå fylkeskommunen

Fylkeskommunen ser av det tidlege referatet at omsynet til villreinens leveområde er drøfta. I den regionale fjellplanen skal omsynet til villreinens trekkområde vere førande for arealbruken, og er grunnlaget for fylkeskommunens vurdering av forslag til ny arealbruk. Sjølv om vi ikkje kan sjå av referatet at fjellplanen konkret var drøfta her, vurderer fylkeskommunen at omsynet til villreinens leveområde har blitt drøfta tilstrekkeleg og at kommunen kan få nye verkemiddel i arbeidet med å avgrense parkering og utfart ved å legge inn arealformåla i kommuneplanen. Fylkeskommunen vurderer at dei nye opplysningane greier ut omsynet til villreinens leveområde tilstrekkeleg og at motsegna til arealføremåla P1 og ABA45 blir trekt.

Med helsing

Tor Arne Hellkås
seksjonsleiar
Samfunn og plan

Hanne Birte Hulløen
plankoordinator
hanne.birte.hulloen@telemarkfylke.no

Dokumentet er elektronisk godkjent og sendes utan signatur.

Mottakere:
VINJE KOMMUNE

Kopi til:
STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMARK
STATENS VEGVESEN